



Tag Arkitekter As
Jesper Jorde
Osterhaus' gate 27
0183 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5395 - 22/71015

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
22.09.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 188/66 Gjervik ytre

Tiltak: riving av bygg, byggje bustadbygg på 3 og 4 etasjar
Byggjestad: Gbnr: 188/66
Tiltakshavar: Kvassnesvegen 32 As
Ansvarleg søkjar: Tag Arkitekter As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.07.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Søknaden krev ytterlegare ein dispensasjon:

1. Tiltak på BS17 og BS18 stettar ikkje føresegn 3.2.6 Sentumsføremål (BS17 og BS18) bokstav g) i Områdeplanen for Knarvik;

1. etasje mot o SKV6, o SKV16, og o SKV17, skal nyttast til forretning og-/ eller tenesteyting.

Nye bygg skal ha ein bygningsstruktur og fasadar som vender seg aktivt mot alle gater og byrom, og som bidreg til bymessig mangfald og aktivitet med inngangar direkte frå gateplan jf. 3.2.6 Sentrumsføremål og tenesteyting (felles føresegner).

Lokale til tenesteyting og forretningsføremål skal ha direkte inngang frå gate, torg eller gatetun, og det er ynskjeleg med store glasfelt i fasade.

Sokkeletasjen i felt BS17 og BS18 skal særleg framhevast, og ha ein offentleg karakter..) jf. avsnitt nr. 3 / Kvalitetsprogrammet (vedlegg D) 3.3.5 Hasselhaugane – felt BS17, BS18.

Administrasjonen har vurdert med at det ikkje er naudsynt å nabovarsla tiltaket på ny, grunna nemnte dispensasjon. Høve kjem klårt fram på teikningar vedlagt søknad, og det er ikkje kome inn merknader til tiltaket med omsyn til nemnte føresegn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 24.20.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Administrasjonen gjer elles merksam på følgande:

Jf. Rekkefølge krav i Områdeplanen for Knarvik, punkt 2.3 Teknisk infrastruktur/ føresegn 2.3.1 Veg, vatn, og avløp, så skal det utarbeidast teknisk plan for veg, vatn, og avløp. Teknisk plan må vere godkjent av kommunen før det vert gjeve rammeløyve.

Administrasjonen vurderer med at det er føremålstenleg i fyrste omgang å handsama dispensasjonane knytt til tiltaket.

Til informasjon er søknaden slik den no ligg føre, også sendt til uttale til Norhordland og Gulen IKS, samt til Norhordland Gulen interkommunale branntilsyn, med brev datert den 09.09.2022.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kvassnesvegen 32 As	c/o Bonava Norge AS Fantoftvegen 2	5072	BERGEN
Tag Arkitekter As	Osterhaus' gate 27	0183	OSLO